

Innkalling

Studieprogramråd for Master i psykisk helse – og rusarbeid og vidareutdanning i rusproblematikk og rusarbeid

Møtedato: 14. november 2022, kl. 11-12:30 på zoom

Deltakere: Hege Almeland Hansen fagseksjonsleiar, Lillian Bruland Selseng studieprogramansvarleg, Cecilie Thaule Løvlid Studieadministrasjonen Eksterne representantar:

Gerd Helene Irgens, seniorrådgiver i Helse- Bergen, Rusmedisinsk avd., Klokkarvik.

Studentrepresentantar:

Martin Solberg, student master i psykisk helse- og rusarbeid

Stine Sortevik, student ved vidareutdanninga i rusproblematikk og rusarbeid og tilsett ved Sogn og Fjordane friomsorgskontor

Forfall: Finn Ove Arnes, Einingsleiar Psykisk helse- og rus, Sunnfjord kommune

[Honorarskjema](#) for studenter og eksterne representanter.

Referat fra sist møte [23.5.22](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennes	Fagseksjonsleder Hege Almeland Hansen	10 min
Referat: Kort presentasjon av medlemmane i SPR. Saker til evt: ingen saker				

2/22 Presentasjon av nye medlemmer i Studieprogramråd Presentasjon av kvalitetsarbeidet ved HVL	Vedlegg: Studieprogramråd - Høgskulen på Vestlandet (hvl.no) Arbeid med kvalitet i utdanningane ved FHS - Høgskulen på Vestlandet (hvl.no)	Nye representanter ønskes velkommen og får en innføring i mandat for studieprogramrådet og kvalitetsarbeidet. Studieprogramrådet etableres	Fagseksjonsleder orienterer.	10 min
Referat: SPR tek orienteringa til vitande.				
3/22 Valg av oppfølgingsform	Vedlegg: Valg av oppfølgingsform	Studieprogramrådet bes om å komme med innspill til valg av oppfølgingsform for studieprogrammet. <ul style="list-style-type: none"> • Ref.gr., eller Kullmøte • Dialogmøte, emnerapport • Anonym emneevaluering • Ekstern sensor 	Fagseksjonsleder	20 min
Referat: SPR hadde denne saka oppe i møte 23.mai 2022, sjå referat. På masterprogrammet held fagseksjonen på å utarbeide ein anonym survey i SurveyExact som ein håpar er på plass frå nyttår. SPR har desse innspela til saka: Det vert påpeika at sike evalueringar bør kome raskt etter at emne er avslutta. Kanskje allereie medan ein sit med studentane på siste førelesning. For å sikre god svarprosent. Det har teke tid å få på plass anonym evaluering av fleire årsakar. No har vi personar i fagmiljøet som kjenner SurveyExact og som har jobba med dette.				

4/22 Status for studieprogrammet	Vedlegg: Status studieprogrammet PP fra Tableau Status kvalitetsarbeidet (emneevalueringer) i studieprogrammet-	Studieprogramrådet blir presentert for status på studieprogrammet knytt til: <ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering og opptak • Gjennomstrømming, strykprosent og karakterfordeling • Bruk av digitale læringsformer i utdanningen 	Fagseksjonsleiar	30 min
<p>Referat:</p> <p>Dette er ei årleg sak i haustmøtet. Neste gong må vi også ha med oversikt frå vidareutdanninga. Tableau-tala: det hadde vore greitt å hatt litt informasjon om bakgrunnen for tala.</p> <p>SPR gjekk gjennom tala frå Tableau og hadde desse spørsmåla/innspele:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Til søkjarar og opptak:</i> Vil ny monofagleg master på sjukepleie føre til ein konkurrans mellom studieprogramma? Det vil det truleg. Fakultetet veit per no ikkje om ein skal skrive ei utgreiingssøknad for akkreditering av eit nytt masterprogram. Og i og med det per i dag ikkje finnes ei slik utdanning i Norge er det også vanskeleg å sei noko om korleis den vil rekruttere. - <i>Fråfall:</i> Tabellane syne eit klart fråfall etter vidareutdanning på 60 stp. Arbeidsgivar betalar (som oftes) ikkje for vidare studium til fullført mastergrad etter vidareutdanning. No er det tøffare tider, betydeleg nedtrekk, og sektoren får eit stramt 2023. Dette kan vedvare og vil berøre arbeidsgjevar sin moglegheit til å sende tilsette på vidareutdanning/masterutdanning. Kor ein plasserer ein mastergrad i organisasjonskartet (nivå) i spesialhelsetenesta har også noko å sei for om ein tilsett vel å ta ein mastergrad. - <i>Karakterar og strykprosent:</i> PHA508 masteroppgåve: i fagmiljøet har karaktersetting blitt diskutert, og dei har jobba med å få til ein meir heilskapleg vurdering - <i>Internasjonalisering:</i> Vi ser det er krevjande å få studentar til å reise ut når dei tek ein mastergrad. Vi ser på eit samarbeid med master i sosialvitenskap, og fakultetet arbeider med ein handlingsplan for internasjonalisering. 				

6/22 Orientering fra studentrepresentantene		Studieprogramrådet inviteres til dialog med studentrepresentantene.	Studentene orienterer fra sitt kull	15 min
<p>Referat:</p> <p>Martin Solberg, master:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Komprimert undervisning gjer det lettare å møte på campus (tidsbruk). Ein god kombinasjon av fysisk oppmøte og digitalundervisning er bra. - MAMET-emne er ei utfordring. Emnet er krevjande å ta digitalt, og det er ønskje om også fysisk undervisning. Dette kom tydeleg fram då studentane skulle jobbe saman. Det er lettare å diskutere med medstudentar når ein møtes fysisk. Studentane saknar meir og djupare undervisning i enkelte tema. Det er litt for mykje fokus på vitskapsteori, skulle ønske det var meir konkret undervisning med øvingsoppgåver i kvantitativ metode og kvalitativ metode. - Det same gjaldt når vi begynte på masteroppgåva med faget PHA 508. Fleire studentar snakka om at dei vurderte kvantitativ tilnærming, men dei mista raskt motivasjonen. det er ønske om at allereie i MAMET kan studentane bli introdusert for studentar som har levert ein kvantitativ masteroppgåve og kvalitativ mastergåve. Viktig å vise studentane at kvantitativ oppgåve er mulig. Burde begynt litt enklare på samanhengane, deretter ta inn tidlegare studentar som kan legge frem sine oppgåver. Ikkje sikkert det er plass til dette, men hovudpoenget er tydeleg: vis studentane at kvantitativ oppgåve er mulig! <p>Stine Sortevik, vidareutdanning:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fin rekrutteringsarena for å få studentar til å ta ein heil mastergrad. - MAMET er også ei utfordring her. Får same tilbakemelding. - Stor ueinigheit i studentgruppa knytt til fysisk vs. digitalundervisning. Fysisk undervisning har godt utbytte av det, dei som føl digitalundervisning er nøgd med det. Fleire studentar fall i frå då det vart krav til oppmøte. Studentar er kritiske til at dei møter på campus og så må dei følgje zoom-undervisning. Ønskjer førelesarar på campus når det er krav til oppmøte. Mange studentar reiser langt, og når undervisninga vert spreidd utover veka blir det vanskeleg å møte på alt. - Ønsker meir komprimert undervisning. Det er viktig at dette er forutsigbart. - Må oppmode studentane å ha kamera på når det er digitalundervisning. - Stor skilnad på den digitale undervisninga. Det krev litt frå den som føreleser. 				

7/22 Orienteringer	Vedlegg: PP SHOT us	<ul style="list-style-type: none"> • Revidering av masterprogrammet • SHOT undersøkelsen • Studiebarometeret 		5 min
<p>Referat:</p> <p>Revidering av masterprogrammet og vidareutdanninga (RETHOS):</p> <p>Vi skal revidere vidareutdanningane på fakultetet som gjeld psykisk helse- og rusarbeid, inkludert 1. året på Master i psykisk helse- og rusarbeid ift ny forskrift. Dette arbeidet håpar vi skal starte opp etter jul. Vi har som mål å slå saman det tverrfaglege masterprogrammet og vidareutdanninga i Sogndal (begge er knytt til Institutt for velferd og deltaking).</p> <p>Fakultetet avventer utgreiingssøknad for monofagleg master innan psykisk helse- og rus for sjukepleiararar. Denne utdanninga finnes ikkje i Norge per i dag. Veit lite om rekrutteringsgrunnlaget og om arbeidsgjevar ønskjer denne utdanninga.</p> <p>SPR vert ein viktig del av dette arbeidet.</p> <p>Vi er avhengige av fleire profesjonar i arbeidet med rus og i rusfeltet, ikkje berre sjukepleiarar. Mange ting heng saman i problematikken kring rus og det tverrfaglege er viktig.</p> <p>SHOT:</p> <p>Auke av studentar med alvorlege psykiske helseplager.</p> <p>Saknar spørsmålsformuleringane for å få betre innsikt. Fokuset på openheit; kan det ha innverknad på svara?</p> <p>Korleis kan studiestaden gå inn og dempe dette symptomtykket? Og ivareta studentane?</p> <p>SHOT-undersøkinga er så viktig at vi tek den oppatt på neste møte.</p> <p>Studiebarometeret: Greitt å ha spørsmålsbatteriet også tilgjengeleg for lettare å forstå resultatata.</p>				
8/22 Eventuelt		Neste møte våren 2023?		15 min

Referat: Fekk ikkje diskutert nytt møte.